

Brekkefossen kraftverk. Uttale frå Fjaler kommune.

Viser til Fjaler kommune sin uttale datert 11.04.14 til endra søknad for Brekkefossen Kraftverk AS, der det vart teke atterhald om godkjenning i Formannskapet 29.04.14.

Den 24.04.14 hadde sakshandsamar og ordførar møte med styret i Brekkefossen kraftverk der ein gjekk gjennom uttale datert 11.04.14. Styret i Brekkefossen kraftverk la fram sine argument i saka og ba om at uttalen vart endra slik at Fjaler kommune sitt syn i saka kom tydlegare fram og at det vart gjeve ein positiv uttale i saka. Fjaler kommune ba om at det vart utarbeidd skisser/profilar over inntaksområde. Skisser over inntaket vart motteke 28.04.14 og er utlevert i Formannskapsmøte den 29.04.14. Formannskapet har no handsama saka og Fjaler kommunen har følgjande uttale i saka:

Fjaler kommune viser til tidlegare utale i saka, datert 22.06.12. Inntaket er no flytta til ei lågare kotehøgde i fossen og deler av uttalen er difor ikkje lenger relevant.

Fjaler kommune er positive til bygging av Brekkefossen kraftverk slik det går fram av endra søknad der inntaket er flytta til kote 333 moh.

Fjaler kommune ynskjer å påpeike følgjande:

Brekkefossen er eit viktig landskapselement ved inngangen til eit viktig friluftsområde med både lokal og regional verdi. Inntaket er no flytta til kote 333 moh noko som medfører at øvre del av fossen vert bevart medan vassføringa i nedre del av fossen/elva er betydeleg redusert. Minstevassføringa er redusert frå 100 l/s til 50 l/s i høve tidlegare søknad. Brekkefossen er berre synleg frå vegen over ein liten strekning men det er likevel eit viktig landskapselement langs tilkomstvegen til bustad/hytte og stølsområde samt eit mykje brukt friluftsområde. Sjølv fossen vil med endra inntaksplassering ikkje få redusert vassføring. Frå inntaksområde og vidare ned elva vil vassføringa verte betydeleg redusert, men dette området er lite synleg frå vegen. Når det gjeld vassføringa frå inntaket og vidare ned elva ser vi det som viktig at det vert sett krav til ei akseptabel minstevassføring i elva. Fjaler kommune ser det som viktig at opparbeiding av inntaksdam og røyrtrase vert gjennomført på ein så skånsam måte som mogeleg. Tiltaket må tilpassast terrenget i området slik at det vert minst mogeleg synleg i landskapet.

Basert på opplysningane i endra søknaden, skisser/ profilar over inntaket og synfaringa på staden vil utbygginga av kraftverket som omsøkt samla sett gje ein liten negativ konsekvens.

Dersom det vert gjev konsesjon må det setjast krav til ei akseptabel minstevassføring og skånsam utforming både av inntak og røyrtrase.

Vi ber om at NVE ser vekk frå uttale datert 11.04.14.